

**ALVER**

KOMMUNE

Miljø og tilsyn

Adrian Szczepan Dunaj  
Rossnesvegen 270  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1244 - 20/22667

Saksbehandlar:  
Madeleine Fonnes Aase  
madeleine.fonnes.aase@alver.kommune.no

Dato:  
08.05.2020

## Igangsettingsløyve - gbnr 419/5 Risnes

**Administrativt vedtak:**   **Saknr:**  
**Tiltakshavar:**           Adrian Dunaj  
**Ansvarleg søkjar:**       ADU – Ing. A. D. Utkilen  
**Søknadstype:**           Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 d, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket for bruksendring og oppføring av tilbygg/terrasse på følgjande vilkår:**

1. Rammeløyve av 25.01.2019 med vilkår gjeld for tiltaket.

**Med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 gjev kommunen godkjenning på søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for Adrian Dunaj for ansvarsområdet utførande (UTF) tømrerarbeid, som i hovudsak omhandlar utvendig tilbygg/terrasse.**

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av bruksendring og oppføring av tilbygg/terrasse.

Kommunen har i vedtak av 25.01.2019 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.12.2019 og supplert 06.01.2020, 08.04.2020 og 05.05.2020.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggskjøpende dokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 19.12.2019, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Det kjem fram av erklæring om ansvarsrett om sjølvbyggjar at det skal nyttas medhjelpers utdanning/praksis og innleigd føretak. Medhjelpers utdanning/praksis og innleigd føretak må dokumenterast.

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

2. Det ligg ikkje føre erklæring om ansvarsrett for PRO og UTF ventilasjon. Dette må sendast inn.
3. Det er satt vilkår i rammeløyve om at grensesnittet for ansvarsrett for prosjektering må avklarast. I følgje inn sendt illustrasjon kjem det fram at Taule Bygg as skal ha ansvarsrett for PRO og UTF tømmerarbeid som ikkje er utført. Ved søknad om rammeløyve er det sendt inn erklæring om ansvarsrett for PRO tiltaket frå Taule Bygg as. Dersom det stemmer at ADU – Ing. A. D. Utkilen skal ha ansvarsrett for kontroll for tømmerarbeid for alle deler unntatt omsøkt tilbygg, samt utvendig terrengarbeid, rørarbeid og ventilasjon må det sendast inn oppdatert ansvarsrett som dokumenterer dette. Grensesnittet mellom ansvarsområda må avklarast nærmare før søknad om igangsetting kan handsamast.
4. Det ligg ikkje ved oppdatert gjennomføringsplan. Dette må sendast inn i tråd med ansvarsrettar i tiltaket.

Det vart i telefonsamtaler i månadsskiftet mars/april 2020 presisert kva som mangla for å kunne ta søknaden til behandling.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 08.04.2020 og ansvarsrettar avklart 05.05.2020.

Ansvarleg søkjar og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentaking.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 05.05.2020 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

## **VURDERING**

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Tiltakshavar har søkt ansvarsrett som sjølvbyggjar av eigen bustad.

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Tiltakshavar har sannsynleggjort at ein skal benytte seg av medhjelpars utdanning og/eller praksis (kurs), og ved bruk av innleid føretak.

Ny oppdatert gjennomføringsplan ligg føre, og den viser følgjande endringar i ansvarsrettar:

- Sjølvbyggjar Krzysiof Dunaj for UTF: Tømmerarbeid fram til 2016 er avslutta. Ny eigar har tatt over og blir godkjent som sjølvbyggjar.
- Det er opplista feil i gjennomføringsplanen kva gjeld PRO og UTF: Utvendig og innvendig rørarbeid. Det er ikkje Seim Bygg AS, men Seim VVS Johannes Lie som har erklært ansvarsrett for dette arbeidet. Dette er bekrefta per telefon 05.05.2020 både med Seim Bygg AS og Seim VVS Johannes Lie.

### **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).

- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delebert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1244

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

**Mottakarar:**

Adrian Szczepan Dunaj

Rosnesvegen 270

5937

BØVÅGEN